



Statens vegvesen

Notat

Til: 6 Postmottak Vegdirektoratet
Fra: Vegseksjon Sogn
Kopi: Eivind Yttri
Eli Marita Vik Næss
Sjur Lauvdal

Saksbehandler/telefon:
Audun Trygve Borlaug / 57655884
Vår dato: 28.06.2016
Vår referanse: 15/255935-14

Fv. 93 Dyrneslia – søknad om fråvik frå brubreidde for tre bruer, Dyrneslia I, II og III på fv. 93 i Dyrneslia i Vadheim.

Søknad om fråvik har vore behandla i fråviksgruppa på Regionvegkontoret med resultat «Anbefalt». Viser til dokument 11, 12 og 13 i saka.

Bakgrunn

For dei 3 bruene Dyrneslia I, II og III er gjennomgåande at dei har særst dårleg og svakt rekkverk. Dyrneslia I og II har også svak bæring i plate. I tillegg er det for Dyrneslia I registrert korrosjonsskader på stålbjelkar som kan gje fare for nedsett bæreevne for denne brua.

Det mest kritiske er rekkverket som ikkje ivaretek trafikktryggleiken over bruene. Samtidig er det vanskeleg å gjere noko med rekkverket utan å forsterke og utvide bruene. Det betyr at ein må samtidig støype ei ny bruplate.

Det er bratt og utfordrande terreng der bruarbeidene må etablerast, og det betyr at dagens krav i normalar og håndbøker til utforming ikkje vil kunne stettast. Her må ein pårekne å søke fråvik frå enkelte punkt i normalar og standarder.

Søknad om fråvik

Krav i HB 100 Veg- og gateutforming: «Bredde mellom rekkverk på bruer på 1-felts veger skal være 6,5 m».

Vegen er kun 3,5 m brei med ÅDT 100. Det er ingen planar om å utvide vegen i næraste framtid.

Det blir søkt om å prosjektere med 3,5 m breidde mellom rekkverk.

Det er ikkje rekna å ha negative konsekvensar av fråviket. Sjå også dokument i saka søknad om fråvik, Del 1 – søknadsdel.